

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.10.2014

Torill Selsvold Nyborg hadde slik merknad til møteprotokollen frå fylkesutvalet:

"Forslag frå Oen til § 2:
KrF stemte ikkje for Oens forslag til § 2, dvs. punkt a."

Rasmus Laupsa Rasmussen sette på vegner av A og SV fram slikt forslag:

"Fylkestinget vedtek lokal inntaks- og formidlingsforskrift for HFK med følgjande endring for § 2:

I Hordaland fylkeskommune har vi et geografisk styrt inntak. Det innebærer at elevene har rett til å gå på sin nærscole. For å ivareta elevenes frihet til å velge skole selv kan de som ønsker det si fra seg retten til å gå på sin nærscole og søke seg til andre skoler på grunnlag av karakterer dersom de ønsker det. De resterende paragrafene innfases i tråd med prinsippene som er slått fast i § 2."

Aud Karin Oen sette på vegner av SV og KrF fram slikt forslag:

"§ 19. Nytt punkt (erstattar siste punkt):
Alle søkjarar med opplæringsrett skal ha rett til læreplass."

Røysting

Rasmussen sitt forslag fekk 28 røyster (A, SV, Sp, MDG, KrF) og fall.

Oen sitt forslag fekk 22 røyster (SV, A, MGD, 2 KrF) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Hordaland fylkeskommune slik ho er lagt fram i vedlegg til saka.
2. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift trer i kraft 01.01.2015.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre endringar i den lokale forskrifta.